

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/11812-1

## Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 - bestilling av overordna analyse

### Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Bestilling av overordna analyse av den fylkeskommunale verksemda i samsvar med vedlagte bestillingsdokument vert oversendt Deloitte AS.

#### Vedlegg:

- Bestillingsdokument – overordna analyse - forvaltningsrevisjon

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Saksframlegg og saksprotokoll frå KU-sak 59/14

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver vedrørende forvaltningsrevisjon finn vi i forskrift om kontrollutval kapittel 5. I dette kapittelet finn vi innleiingsvis ein omtale av kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at forvaltningsrevisjon vert gjennomført. Kapittelet handlar vidare om plan for forvaltningsrevisjon, rapportering og oppfølging av gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltningsrevisjon skal baserast på ein overordna analyse av fylkeskommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlegvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike områda i fylkeskommunen.

Den overordna analysen kan utarbeidast på mange måtar. I forskrift for kontrollutval § 10 står det følgjande om plan for forvaltningsrevisjon og den overordna analysen:

*Kontrollutvalget skal minst en gang i løpet av valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i perioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunen eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.*

Føresegna fastset at det er kontrollutvalet som har ansvaret for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Andre ledd inneheld krav om overordna analyse.

Føremålet med denne analysen er å få fram relevant informasjon om fylkeskommunen si verksemd, slik at det vert mogeleg å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Det er opp til kontrollutvalet å avgjere kor detaljert ein ønskjer den overordna analysen.

Retningslinjer for innhald og gjennomføring av forvaltningsrevisjonar er omhandla i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar kapittel 3.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein plan for forvaltningsrevisjon som gjeld ut 2016, eller til ny plan er vedteken av fylkestinget.

Ny plan for forvaltningsrevisjon skal vere utarbeidd av kontrollutvalet og handsamast av fylkestinget innan utgangen av 2016. For å unngå dårleg tid med dette viktige arbeidet foreslår sekretariatet å bestille overordna analyse på møtet 24. november. Følgjande framdriftsplan vert føreslege:

- Kontrollutvalet vedtek å bestille overordna analyse av Deloitte AS på møte 24. november 2015. Leveringsfrist for analysen vert sett til 30. juni 2016.
- Kontrollutvalet handsamar overordna analyse i løpet av august.
- Kontrollutvalet handsamer Plan for forvaltningsrevisjon basert på sak frå sekretariatet i løpet av september 2016.
- Fylkestinget handsamer plan for forvaltningsrevisjon oktober 2016.

### **Overordna analyse**

Det er i forskrifta sagt lite om korleis den overordna analysen skal utførast. Dette er i stor grad opp til kontrollutvalet å avgjere.

Kontrollutvalet handsama i KU-sak 59/14 vurdering av mogelege innsparingstiltak for kontrollutvalet som følgje av den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen. Det er i saka føreslege at sekretariatet skal vere delaktig i utarbeidinga av den overordna analysen. Innsparingane er vedtekne av kontrollutvalet. Sekretariatet har vore i dialog med Deloitte AS om fordeling av arbeid ved utarbeiding av analysen for å få til ønska innsparing. Deloitte AS har utarbeidd ein modell for utarbeiding av overordna analyse, som vert litt utfordra i denne utarbeidinga. Det er heilt avgjerande å ivareta kvaliteten på arbeidet med den overordna analysen.

Den overordna analysen skal peike på aktuelle område for forvaltningsrevisjon basert på ein risikoanalyse. Desse områda skal kontrollutvalet rangere i høve vesentlegvurderingar før plan for forvaltningsrevisjon vert utarbeidd.

## **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å bestille ein overordna analyse av den fylkeskommunal verksemda no, slik at ein sikrar å få lagt fram ei sak til fylkestinget innan utgangen av 2016 om handsaming av plan for forvaltningsrevisjon slik lova krev.